

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 10.12.2020

**Knut Inge Andersen (FNB)** sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

2. Fylkesutvalet registrerer at det framleis vert stimulert til kjøp av elbil gjennom avgiftssystemet. Det er i tråd med forventningane at reduserte takstar for elbil i bomringane undergrev finansieringsgrunnlaget for bompengepakane.

4. Fylkesutvalet avviser innføring av elektronisk vegprising.»

**Helge Stormoen (Frp)** sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

1. Fylkesutvalet tek rapporten frå ekspertutvalet til vitande.

2. Fylkesutvalet ser ikkje behovet for at det lenger vert stimulert til kjøp av elbil gjennom avgiftssystemet, og støtter rapporten i at fritak og reduserte takstar for elbilar i bompengeprojekt bør avviklast.

3. Fylkesutvalet viser til at køyring i kollektivfelt bidreg til auka bilbruk og redusert framkome for kollektivtrafikken, og støttar difor ekspertutvalet i at ordninga på sikt bør avviklast. Det bør heller vurderast 2+ og/eller prioritering av næringstransport i kollektivfelt.

4. Fylkesutvalet ser ikkje grunnlag for å gå vidare med utgreiing av innføring av elektronisk vegprising, og ber om at ein heller ser på ordningar for å begrense og på sikt avvikle brukarfinansiering av vegbygging.

5. Av omsyn til fordelingsverknadene sluttar Fylkesutvalet seg ikkje til at moglegheit for timesregel og passeringstak vert fjerna.»

**Natalia Golis (MDG)** sette på vegner av MDG og SV fram slikt forslag:

«Nytt punkt:

Fylkesutvalet vil også vise til at nullvekstmålet tilseier at auken i persontransport i byområda skal takast med kollektivtransport, sykkel og gange. Det er ein målkonflikt at bompengar vert nytta til å finansiere tiltak som skal redusere bilbruken, fordi i det man lukkast, så vil ein ha ei finansieringsutfordring. Fylkesutvalet vil derfor løfte fram at i dei tilfella der ein lukkast med å nå nullvekstmålet og reduserer biltrafikken i tråd med nasjonale og lokale mål, så må dei manglande inntektene kompensast med statlege midlar.»

### Avrøysting

Stormoen sitt forslag fekk 3 røyster (Frp og UA) og fall.

Innstillinga punkt 1,3 og 5 vart vedteke mot 3 røyster (Frp og UA).

Andersen sitt forslag fekk 2 røyster (FNB og UA) og fall.

Innstillinga punkt 2 og 4 vart vedteke mot 4 røyster (Frp, FNB og UA).

Golis sitt forslag fekk 3 røyster (MDG og SV) og fall.

### Vedtak

1. Fylkesutvalet ser at rapporten frå ekspertutvalet kan vere eit viktig underlag til ei forbetring av dagens bompengesystem. Det er likevel ein langt større kompleksitet i dei mange og ulike bompengeprojekta som ikkje blir godt nok belyst i rapporten. Det er viktig å vere merksam på dei ulike utfordringane som ligg i bompengepakkar som er etablert for å bygge eller

vedlikehalde vei og bompengepakkar som er etablert for å redusere biltrafikk inn til dei store byane. Fylkesutvalet vil begrense seg til å gi innspel på dei problemstillingane som er reist i rapporten.

2. Fylkesutvalet ser behovet for at det framleis vert stimulert til kjøp av elbil gjennom avgiftssystemet. Det er ei utfordring at reduserte takstar for elbil i bomringane undergrev finansieringsgrunnlaget for bompengepakane. Fylkesutvalet meiner likevel det er viktig at det blir ein gradvis auke av takstar for elbilar for å sikre så rask overgang som mogleg til utsleppsfrie køyretøy. Fylkesutvalet meiner det er hensiktsmessig å kunne differensiere bompengesatsene basert på tid og kapasitetsutfordringar i vegnettet (rushtidsavgift), samt køyretøyas miljøstandard. Det er samstundes viktig at lokale tiltak for å få høgare elbilandel ikkje blir avvikla før det er sikra at elbilfordelar blir oppretthaldne eller styrka nasjonalt.
3. Fylkesutvalet viser til at køyring i kollektivfelt bidreg til auka bilbruk og redusert framkome for kollektivtrafikken, og støttar difor ekspertutvalet i at ordninga på sikt bør avviklast. Det bør heller vurderast 2+ og/eller prioritering av næringstransport i kollektivfelt.
4. Fylkesutvalet støttar at dei praktiske og juridiske løysingane for innføring av elektronisk vegprising vert utgreia vidare. Eit kilometerbasert vegprisingssystem kan gje betre balanse mellom nytte og kostnader, betre fordeling av den samla bompengebelastinga, og betre samsvar mellom bruk av og betaling for infrastrukturen.
5. Av omsyn til fordelingsverknadene sluttar Fylkesutvalet seg ikkje til at moglegheit for timesregel og passeringstak vert fjerna.